

Saksliste

Godkjenning av innkalling og saksliste	
28/25 Godkjenning av innkalling og saksliste 12. september 2025	3
Godkjenning av protokoll	
29/25 Protokoll Møre bispedømmeråd 2024-2027 02.06.2025	6
Saker til behandling	
30/25 Økonomirapport pr 31.08.25	13
31/25 Innspel til arbeid med årsplan 2026 BDR 120925	14
32/25 Ny Kulturplan Møre bispedømme 2026-2030 1. gangs behandling	18
33/25 Misjon og økumenikk i Møre: Tema til samtale	24
34/25 Budsjett 2026 - overordna styringssignal	26
35/25 Møteplan 2026 - Møre bispedømmeråd	28
Orienteringssaker	
36/25 Orienteringar til møte i Møre bispedømmeråd 12. september 2025	30



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Elin Næsje Sætre	421	23/03807-64	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
28/25	Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025

Godkjenning av innkalling og saksliste 12. september 2025

Vedlegg:

Saksliste Møre bispedømmeråd 2024-2027 12.09.2025

Saksorientering

Bispedømmerådet skal i denne saka

1. Godkjenne innkalling og saksliste
2. Ta stilling til saker som skal handsamast for lukka dører.

Bispedømmerådet sine møter blir halde etter reglane for bispedømmerådet si verksemd og Forskrift 5. juni 2020 nr. 3316 om krav til gjennomføring av fjernmøter i bispedømmerådene.

Arbeidsutvalet har bestemt at møtet 12/9 skal vere eit fysisk møte.

«Møter i bispedømmerådet holdes for åpne dører, dersom ikke rådet selv har bestemt noe annet. Personalsaker og saker hvor lovbestemt taushetsplikt tilsier det, skal behandles for lukkede dører. Debatt om en sak skal behandles for åpne eller lukkede dører foregår for lukkede dører», jf. 3 i reglane for bispedømmerådet si verksemd.

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner innkalling og saksliste til møte 12. september 2025.



DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømmeråd 2024-2027

Møteinnkalling Møre bispedømmeråd 2024-2027

Møtedato: 12.09.2025 kl. 10:15

Møtested: Møre bispedømekontor

Arkivsak: [Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.](#)

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf 92 81 00 40 eller e-post BS665@kirken.no.
Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed fra møtesekretær.

Litt meir om møtet og dagen:

- AU har fastsett at møtet vert fysisk på Møre bispedømekontoret.
- Lunsj ca kl 12 saman med staben på bispedømekontoret

Opning/Ord for dagen: Arnt-Ove Tenfjord

SAKSLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

28/25 Godkjenning av innkalling og saksliste 12. september 2025

Godkjenning av protokoll

29/25 Protokoll Møre bispedømmeråd 2024-2027 02.06.2025

Saker til behandling

30/25 Økonomirapport pr 31.08.25, **Saksordfører: Arne Moltubak**

31/25 Innspel til arbeid med årsplan 2026 BDR 120925,
Saksordfører: Ole Kristian Gundersen

32/25 Ny Kulturplan Møre bispedømme 2026-2030 1. gangs behandling,
Saksordfører: Magnus Moksnes Myhre

33/25 Misjon og økumenikk i Møre: Tema til samtale.
Saksordfører: Laila Alendal

34/25 Budsjett og årsplan 2026 - overordna styringssignal,
Saksordfører: Mildrid Fiske

35/25 Møteplan 2026 - Møre bispedømmeråd, **Saksordfører: Maren Alnæs**

Orienteringssaker

36/25 Orienteringar til møte i Møre bispedømmeråd 12. september 2025

Molde , 05.09.2025

Arnt-Ove Tenfjord
leiar

Bjørn Olaf Storhaug
møtesekretær



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd 2024-2027

Møteprotokoll

Møre bispedømmeråd 2024-2027

Møtedato:	02.06.2025 kl. 10:15
Møtestad:	Møre bispedømme kontor
Arkivsak:	23/03807
Til stades:	Knut Støbakk (Nominasjonskomiteens liste), Laila Terese Alendal (Bønnelista), Arnt-Ove Tenfjord (Frimodig kirke), Ole Kristian Gundersen (Åpen folkekirke), Maren Elgsaas Alnæs (Åpen folkekirke), Arne Moltubak (geistleg representant), Ingeborg Midttømme (biskop)
Frammøtte varamedlemer:	Mildrid Fiske (Nominasjonskomiteens liste) for Amalie Valde Berge, Margaret Mørk for Therese Utgård Aas (Åpen folkekirke),
Forfall:	Amalie Valde Berge (Nominasjonskomiteens liste), Therese Utgård Aas (Åpen folkekirke), Magnus Moksnes Myhre (representant lek kyrkjeleg tilsett)
Andre:	Bjørn Olaf Storhaug, Anne-Marit Hagelund, Maria Vassli Gjære, Elin Næsje Sætre
Protokollfører:	Elin Næsje Sætre

SAKLISTE		Side
Godkjenning av innkalling og saksliste		
20/25	Godkjenning av innkalling og saksliste 2. juni 2025	3
Godkjenning av protokoll		
21/25	Protokoll Møre bispedømmeråd 2024-2027 31.03.2025	3
Saker til behandling		
22/25	Økonomirapport pr. 30.04.25	4
23/25	Retningslinjer for representasjon for Møre bispedømmeråd	4
24/25	Oppnevning til UKM 2025	5
25/25	Strategi Møre bispedømme 2025-2030 endelig behandling	5
26/25	Etter Kirkemøtet 2025 - vedtak og oppfølging	6
Orienteringssaker		
27/25	Orienteringar til møte i Møre bispedømmeråd 2. juni 2025	7

Molde 25.06.2025

Arnt-Ove Tenfjord

Leiar

Elin Næsje Sætre
Møtesekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste**20/25 Godkjenning av innkalling og saksliste 2. juni 2025**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	02.06.2025	20/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner innkalling og saksliste til møte 2. juni 2025.

Møtebehandling

Ingeborg Midttømme: Det er to nye orienteringssaker:

1. Orientering om signering av ny vennskapsavtale med Newcastle bispedømme
2. Ny omsetjing til engelsk av salme 334, av sokneprest Sigurd Andreas Widvey Haugen.
3. Fremja forslag om handsaming av sak 26/25 før sak 25/25.

Vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner innkalling og saksliste med til møte 2. juni 2025 med dei endringane som vart fremja i møtet.

Godkjenning av protokoll**21/25 Protokoll Møre bispedømmeråd 2024-2027 31.03.2025**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	02.06.2025	21/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner protokollen frå møte i bispedømmerådet 31. mars 2025.

Møtebehandling

Vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner protokollen frå møte i bispedømerådet 31. mars 2025.

Saker til behandling**22/25 Økonomirapport pr. 30.04.25**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	02.06.2025	22/25

Saksordførar: Knut Støbakk

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tek økonomirapporten til vitande.

Møtebehandling**Vedtak**

Møre bispedømeråd tek økonomirapporten til vitande.

[Lagre vedtak]

23/25 Retningslinjer for representasjon for Møre bispedømmeråd

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	02.06.2025	23/25

Saksordførar: Mildrid Fiske

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd vedtar retningslinjer for representasjon med verknad frå 3/6-25.

Møtebehandling

Vedtak

Møre bispedømmeråd vedtar retningslinjer for representasjon med verknad frå 3/6-25.

24/25 Oppnevning til UKM 2025

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	02.06.2025	24/25

Saksordførar: Arne Moltubak

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd stadfestar den fullmakta som blei gitt Stiftsdirektøren i sak 39/24 og tar til vitande at fullmakta blir nytta til å utnemne nytt ungdomsråd med fungeringsperiode fram til neste ungdomsting er avhalde.

Desse vil i år vere Møre bispedømme sine delegatar til Ungdommens kyrkjemøte 3. – 6. oktober 2025.

Møtebehandling

Innspel frå Knut Støbakk: Kan bispedømmerådet invitere sokneråda om å fremje aktuelle ungdomskandidatar til ungdomsting?

Vedtak

Møre bispedømmeråd stadfestar den fullmakta som blei gitt Stiftsdirektøren i sak 39/24 og tar til vitande at fullmakta blir nytta til å utnemne nytt ungdomsråd med fungeringsperiode fram til neste ungdomsting er avhalde.

Desse vil i år vere Møre bispedømme sine delegatar til Ungdommens kyrkjemøte 3. – 6. oktober 2025.

25/25 Strategi Møre bispedømme 2025-2030 endelig behandling

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	02.06.2025	25/25

Saksordfører: Ole Kristian Gundersen

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd vedtek framlagt strategi for perioda 2025-2030 med dei endringane som kom fram i møtet. Rådet ber stiftsdirektøren ta utgangspunkt i strategien i sitt arbeid med verksemdsplanar og budsjett for bispedømmet.

Møtebehandling

Innspel: Kven skal gjennomføre og korleis skal vi gjennomføre punkta? Leggast til i to kolonnar.

Korleis skal vi klare å møte aldersgruppa for 15-30? Kvar er arenaen? Utan om studentprestetenesta.

Fokus på tilbod til unge vaksne i ulike livssituasjonar

Knytte opp mot Kyrkjemøte vedtak dei neste to åra sak 5/25 og numerisk strategidokument

Vedtak

Møre bispedømmeråd vedtek framlagt strategi for perioda 2025-2030 med dei endringane som kom fram i møtet. Rådet ber stiftsdirektøren ta utgangspunkt i strategien i sitt arbeid med verksemdsplanar og budsjett for bispedømmet.

26/25 Etter Kirkemøtet 2025 - vedtak og oppfølging

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	02.06.2025	26/25

Saksordfører: Ingeborg Midttømme

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tar oppfølging av Kyrkjemøtet 2025 til vitande.

Møtebehandling

Tilleggsforslag frå Ingeborg Midttømme: Og vil handsame protokollen frå UKM (Ungdomens Kyrkjemøte) 2025 i eit møte til hausten.

Vedtak

Møre bispedømmeråd tar oppfølging av Kyrkjemøtet 2025 til vitande og vil handsame protokollen frå UKM (Ungdomens Kyrkjemøte) 2025 i eit møte til hausten.

Orienteringssaker

27/25 Orienteringar til møte i Møre bispedømmeråd 2. juni 2025

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	02.06.2025	27/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tek orienteringane til vitande.

Møtebehandling

Skriftlege orienteringar:

1. Visitasar i vår
2. Biskopen av Newcastle besøker bispedømmet vårt
3. Ny kommunikasjonsstrategi for Den norske kyrkja
4. Kyrkjeleg høyringssvar til ny kulturmiljølov

Munnlege orienteringar:

1. Du er mi øy i havet, ny omsetjing til engelsk på folketone frå Rindarøy av Sigurd Andreas Widvey Haugen
2. Ny vennskapsavtale med Newcastle bispedømme, signert 29.mai 2025

Vedtak

Møre bispedømmeråd tek orienteringane til vitande.

Denne behandlingen '30/25 Økonomirapport pr 31.08.25' har ingen saksframlegg.



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Maria Vassli Gjære	100	21/04236-23	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
31/25	Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025

Innspel til arbeid med årsplan 2026 BDR 120925

Vedlegg:

Forslag til årsplan 2026 pr 1.9.25

Saksorientering

På bispedømmerådsmøte 12.desember skal ein vedta årsplan og budsjett for 2026. Årsplanen skal lagast med utgangspunkt i strategien som ble vedtatt av bispedømmerådet i juni.

Vedlagt er strategien fram til 2030 og forslag til årsplan som er utarbeida av administrasjonen så langt. Til no har ein fokusert på prosjekt i 2026 som er tilknytta strategien. I den endelege årsplanen vil det og verta tydeleggjort oppgåver som er langsgående. Tilskotsforvaltning, kontakt med kulturaktørar med meir er eksempel på slike oppgåver.

I møte ønskjer ein innspel og signal på kva ein skal vektlegge i det vidare arbeidt med årsplanen.

Forslag til vedtak

Bispedømmerådet ber administrasjonen ta med dei signala som kom fram i møtet i det vidare arbeidet med årsplan.

Utkast til årsplan for Møre bispedøme 2026

Vedlegg til sak 32/25

Satsningsområde	Dette inneber	Kva skal gjerast i 2026?
Ungdom og unge vaksne 15-30 år 1.1, 3.1,	- arbeide med utvikling av gudstenester, andre fellesskap og samtaleneste som er relevante for aldersgruppa. - Kompetanseheving på konfirmantmetodikk og leiarkurs/andre tilbod i etterkant av konfirmanttida. - Ungdomsdemokrati og følgje opp vedtak frå Ungdommens kyrkjemøte. - Studentarbeidet med studentprestetenesta.	Fagdagar der unge og ungdom er i fokus
		Arrangere Ungdomsting og arbeide med å skape eit nettverk i bispedømet
		Halde kontakt med studentprestane
		Fokus på ungdom i visitas
		Starte opp med pilot for FollowMe i samarbeid med NMSU
Frivilligheit 3.3 3.3.2, 3.2.4	-Utvikle eit frivilligheitskonsept med fokus på rekruttering, utrusting og oppfølging av frivillige medarbeidarar.	Tilby kursopplegg med utgangspunkt i eksisterande opplegg
		Heve kompetansenivået blant dei tilsette på BDK
Kyrkja som samfunnsaktør 2.1, 2.2, 2.3, 1.2,	-arbeide vidare med beredskapsplan for bispedømet og bidra til arbeid med beredskap i kyrkjelege fellesråd og kyrkjelydane. -Samskapar i møte med offentlege og private aktørar, særskild rundt det diakonale. - Forvaltning og formidling av kyrkjebygg. - Fokus på kultur: kyrkja som kulturarena, stad for kulturarrangement og formidlar av vår kyrkjelege kulturarv.	Arbeide med rutinar rundt kyrkjebyggforvaltning
		Prosjekt med kyrkjebygget som stad for kultur, formidling og tru. Arbeide med førbuingar og eit pilotprosjekt i 2026.
		Kystpilgrimsleia – bidra på ny verdiseilas?
		Arrangere ein konferanse om teieplikt og avvergeplikt for leiarar i livssyns og trussamfunn i Møre, og andre samfunnsaktørar.
		Nasjonaljubileet 2030/Valldal 2029
		Jobbe vidare med verdisamtaler i samarbeid med andre aktørar Jobbe med skule-kyrkjearbeidet.
Utviklingsområder		
Gudstenester	- Inspirere til stadig arbeid med gudstenester som er relevante for ulike målgrupper. - Legge til rette for arenaer for kompetanseutvikling for tilsette som arbeider med gudstenester i kyrkjelydane.	Arrangere prostivise kurs for prestar og kyrkjemusikarar.
		Starte arbeid med kurs for leke gudstenesteleiarar i 2027.
		Fagdager og stiftsdagar.

Utkast til årsplan for Møre bispedømme 2026

Vedlegg til sak 32/25

Fagleg oppdatering/utvikling av tilsette og frivillige 3.3,	-Fokus på kompetanseheving som utrustar oss til å vere kyrkje i vår tid.	Arrangere fagdagar i prostia med fokus på Dnk og jødane
		Arrangere fagdagar
		Beredskapsåret 2026 .
		Stiftsdag hausten 2026
		Vidare kursing i Kyrkja vår for frivillige, tilsette og folkevalde. VTV i Møre 2026
Skape opne fellesskap mot einsemd og utanforskap 3.1	-Samskaping med kommune og frivillige organisasjonar, tilpassa lokalsamfunna våre.	FollowMe i samarbeid med NMSU
		Tema på fagdagar
Den norske kyrkja som ein attraktiv arbeidsgivar 3.3	- Sikre gode rekrutteringsprosessar. - Gje leiarstøtte til prostar og andre kyrkjelege leiarar ved behov. - Ivareta prester og andre kyrkjelege tilsette, og gje dei rammer som gjer at dei kan stå i tenesta.	Ryddige forhold i personalforvaltninga rundt avtaler etc
		Tilrettelegge for forsvarlig arbeidsmiljø i staber, god HMS
		Koordinere kompetanseutvikling, ABV og REU
		Ta del på Utdanningsmessa
		Vere syneleg i mediebildet
		Plan for strategisk HR i Møre (ansattforholdets livssyklus)
Organisasjonsutvikling og fellesordningar – 1.3, 3.3	- Utforske korleis ein kan arbeide effektivt i ein krevjande økonomisk situasjon i lag med kyrkjeveverjer og Kyrkjeråd. - Tenkje nytt kring inntektsmoglegheiter for bispedømme og sokn. - Jobbe for fellesordningar som vert nytta i heile Den norske kyrkja. - Støtte opp om valte leiarar og sokneråd/fellesråd. - Arbeide vidare med «Saman om å leie(SOL)» for dei to arbeidsgivarlinjene i Den norske kyrkja. - Ivareta impulsar frå kirkelydene.	Arrangere SOL-konferanse mars 26
		Regelmessige møter med kyrkjevergelaget
		Arrangere felles møter for BDR / SR / FR
		Bygge nettverk, kirkeverger og daglige ledere
		Fokus på visitas: Bruk av Kirka vår.
		Tilrettelegge for god samledelse prost/KV og SR

Utkast til årsplan for Møre bispedøme 2026

Vedlegg til sak 32/25



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
John Erik Brakstad	633	21/04194-4	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
32/25	Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025

Ny Kulturplan Møre bispedømme 2026-2030 1. gangs behandling

Vedlegg:

Vedlegg I, Kulturplan for Møre BD 2022-2025

Vedlegg II, Mandat KMR Møre

Saksorientering

Ny kulturplan - Møre bispedømme 2026-2030

Møre bispedømmeråd vedtok i 2022 plan for kulturarbeidet i bispedømmet gjeldande for perioden 2022-2025 (Vedlegg I). Målsettinga er å vidareutvikle det gode arbeidet som blir gjort i kyrkjelydane, og samstundes initiere og gjere erfaringar med prosjekt og samarbeid som utviklar kyrkja i Møre på kulturfeltet. Særleg har det vore eit fokus på samarbeid mellom kyrkjelege og andre aktørar i vårt område. Kulturplanen har vore eit tenleg reiskap som har gitt retning i bispedømmet sine satsingar på dette feltet, og mange av satsingsområda i planen er blitt realisert i perioden. Planperioden går ut ved nyttår, og administrasjonen ser det som tenleg å utarbeide ei ny kulturplan for Møre bispedømme for perioden fram mot 2030.

På møte 02.06.25 vedtok bispedømmeråd ny strategi for Møre bispedømme for perioden 2025-2030 (sak 17/25). Under satsingsområde «Kyrkja som samfunnsaktør» er m.a. desse punkta løfta fram:

- Forvaltning og formidling av kyrkjebygg.
- Fokus på kultur: kyrkja som kulturarena, stad for kulturarrangement og formidlar av vår kyrkjelege kulturarv.

Kyrkjemøtet har vedtatt Strategi for Den norske kyrkja i perioden 2022-2029, der ei av målformuleringane er: «Styrkjer kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar.»

I Kyrkjemøtet sitt vedtak KM 11/18 «Rapport og veivalg for Den norske kirkes kunst- og Kultursatsing» står det i vedtakspkt. 1: «Kirkemøtet ser arbeid med kunst og kultur som et kjerneområde som åpner troens rom gjennom et mangfold av uttrykk. Dette arbeidet må ivaretas i plan- og budsjettarbeid på alle nivåer i kirken.»

Dette legg viktige føringar for prioriteringane i arbeidet med ny kulturplan. Møre bispedømme er i ein ny situasjon, både når det gjeld økonomi og stillingsressursar på bispedømmekontoret. Tiltak i gjeldande kulturplan var finansiert gjennom bispedømmerådets budsjett, bruk av tidlegare års akkumulerte mindreforbruk, Vekstmidlar/OVF, og mindreforbruk i tilskotsforvaltninga til trusopplæring, diakoni og

undervisning. Dette har gitt eit økonomisk handlingsrom for kultursatsinga i kyrkjelydane og på bispenivå som no er meir utfordrande.

Det er 20 år sidan den kyrkjelege kulturmeldinga «Kunsten å være kyrkje» blei lagt fram. Den løfta visjonar for kyrkja sitt kulturoppdrag i fellesrommet mellom kyrkja og allmennkulturen. Ei konkret oppfølging blei opprettinga av kulturelle rådgjevarstillingar i alle bispedømme med friske midlar frå staten i 2009. Når store delar av desse stillingane no blir skorne bort av økonomiske grunnar, må ein tenke nytt rundt spørsmålet korleis kunst- og kulturoppdraget skal forvaltast og utviklast i tida framover. Mykje har gått rett veg på dette feltet. Kyrkja trekker til seg svært mange gjennom konsertar og kulturarrangement. I Møre viser tal frå 2024 at det blei gjennomført ca. 850 kulturarrangement og konsertar i bispedømmet, med eit besøkstal på nærare 95 000. Kulturaktivitetane involverer eit stor tal frivillige, og kyrkjelydane har hatt eit aukande samarbeid med kulturinstitusjonar og profesjonelle utøvarar. Kyrkja i Møre er ein stor og viktig kulturaktør og kulturarena, og er på mange måtar ein viktig del av den kulturelle grunnmuren i lokalsamfunna. Kyrkjemusikarane har ei uvurderleg rolle i dette, både i utøving av eigen musikk, og som tilretteleggjar for andre sitt engasjement, både frivillige og profesjonelle. Kyrkja si betyding i kulturlivet er framheva i fleire utgreiingar og rapportar på nasjonalt nivå, ikkje minst med rapporten frå konsulentbyrået Rambøll som dokumenterte Den norske kyrkja sitt samfunnsøkonomiske bidrag til kultur og kulturarv til ein verdi oppunder 4,3 milliardar kroner årleg.

I arbeidet med å vidareutvikle Møre som kulturbispedømme gjennom ny kulturplan fram mot 2030, vil følgjande punkt vere viktige prioriteringar:

Kyrkjebygget

- Forvaltning, kyrkjene – eksteriør/interiør/inventar – instrument – kyrkjetekstilar
- Formidling (Kyrkjeleg kulturarv/Kyrkjebevaringsprogrammet)
- Kyrkje-skule-samarbeid

Nasjonaljubileet 2030

- Årlege tema
- Valldal 2029
- Pilegrim

Oppfølging av kyrkjemusikarane

- Vidareføre arbeidet i Kyrkjemusikalsk råd (Vedlegg II: Mandat for KMR)
- Nettverk
- Fagsamlingar/kompetanseheevande tiltak

Samarbeid med kulturinstitusjonar og kunstnarar i Møre og Romsdal

Inspirere frivillige

Forslag til vedtak

Forslag til vedtak:

Bispedømmerådet ber om at det blir utarbeid ein ny kulturplan for Møre bispedømme for perioden 2026-2030 med grunnlag i desse 5 elementa:

- Kyrkjebygget
- Nasjonaljubileet 2030
- Oppfølging av kyrkjemusikarane
- Samarbeid med kulturinstitusjonar og kunstnarar i Møre og Romsdal
- Inspirere frivillige

Kulturplan Møre bispedømme 2022-2025

Samarbeid mellom kyrkjelege og andre aktørar på kulturområdet

Mål:

Møre bispedømmeråd vil:

- vere dyktig og modig berar av tradisjonelle kyrkjelege kulturuttrykk og aktiv og modig nyskapar av nye kyrkjelege kulturuttrykk
- med stort frimod ta i bruk allmenne kulturuttrykk, fordi dei ofte teiknar sanne bilete av kva det er å vere menneske
- inspirere og utfordre eigne miljø og kultur- og kunstnarmiljø
- fremje kvalitet og profesjonalitet
- ha eit særleg fokus på kunst- og kulturformidling for born og unge

3 strategiar:

Stimuleringsrolla:

- Motivere fram tiltak og handlingar
- Understøtte og rådgje lokale initiativ.
- Kompetansehevande tiltak
- Økonomisk fødselshjelp og hjelp til søknadsutforming.

Eigenaktør:

- Sjølv ta tydeleg del, eller ta hovudansvar for prosjekt der det er naudsynt, ut ifrå oppgåvene eller kunstuttrykket sitt omfang og kompleksitet

Forvaltarrolla:

- Kyrkjestadar - Kyrkjene – eksteriør/interiør/inventar – instrument – kyrkjetekstilar
- Tilskotsordningar
- Kyrkjeleg kulturhistorie/kulturarv/pilegrim

Satsingsområde innanfor kunst og kultur i perioden:

- Musikk/Salmar
- Barnekor
- Ungdomskultur
- Litteratur
- Visuell kunst
- Sceniske produksjonar/Den kulturelle skulesekken
- Pilegrimsmotivet/Kulturarv

Utviklingsprosjekt i perioden

Møre og Romsdal fylkeskommune

- Samarbeide om utvikling av pilegrimsledene; Kystpilegrimsleia og Valldalsleden. Kyrkja i Møre er sjølvstendig innhaldsleverandør i arbeidet med å utvikle desse ledene, og vil samarbeide nært med Møre og Romsdal fylkeskommunen, involverte kommunar, lokalt næringsliv, Regionalt pilegrimssenter på Smøla, og musea i fylket.
- Samarbeide om digital og annan formidling kring kyrkjestader
- Initiere nye kyrkjelege produksjonar for Den kulturelle skulesekken (DKS). DKS er ein viktig arena der born og unge får oppleve kunst av høg kvalitet. Stortingsmelding nr 8 Kulturell skulesekk for framtida slår fast at Den norske kyrkja og andre religiøse institusjonar og trussamfunn er viktige ressursar i arbeidet med DKS. Møre bispedømme vil vere ein aktiv pådrivar for dette.

Nynorsk kultursentrum

- Initiere samarbeid om prosjekt for å fremje den nynorske salmetradisjonen.
- Vere innhaldsleverandør og samarbeidspart for nyoppretta turnerande litteraturhus i Møre og Romsdal, i regi av Bjørnsonfestivalen og Nynorsk kultursentrum.
- Samarbeid om nynorsk skriftkultur

Bjørnsonfestivalen

- Initiere samarbeide om å utvikle litteraturgudstenester og andre litterære produksjonar.
- Vere innhaldsleverandør og samarbeidspart for nyoppretta turnerande litteraturhus i Møre og Romsdal, i regi av Bjørnsonfestivalen og Nynorsk kultursentrum.

Festspillene i Kristiansund

- Samarbeid om årlege fagseminar med tema innanfor kunst og kultur.
- Samarbeid om turnerande musikkproduksjonar i bispedømmet
- Samarbeid om utvikling av kyrkjelege kunst og kulturproduksjonar for born og unge

Regionalt pilegrimssenter på Smøla

- Samarbeid om vidareutvikling av nøkkelstader langs dei to pilegrimsledene i bispedømmet.
- Styrkje engasjementet og aktivitet i kyrkjelydane knytt til pilegrimsmotivet.

Musea i fylket/ Lokale og regionale historielag

- Vidareutvikling av nøkkelstader langs dei to pilegrimsledene i bispedømmet, Kystpilegrimsleia og Valldalsleden
- Kyrkjeleg kulturarv – samarbeid om formidling kring kyrkjestader

Kunstmuseet Kube/Møre og Romsdal Kunstsenter

- Initiere samarbeid om kunstutstillingar med ulik tematikk knytt til bispedømmet sine mål og strategiar

Høstscena i Ålesund

- Initiere samarbeid med mål om utvikling av nyskapande kyrkjelege kunst og kulturuttrykk.

Kyrkjelege kulturfestivalar

- Styrkje nettverk og samarbeid.

Kulturskulane

- Stimulere til vidareutvikling av samarbeidet mellom kyrkjelydar og kulturskulane i bispedømmet.

Kunst og kultur i trusopplæringa

- Stimulere gjennom utlyste midlar til auka bruk av kunst og kultur i trusopplæringa. Lokalt samarbeid mellom kyrkjelydar og kunstnarar og kulturinstitusjonar.

Digital formidling av kulturarv

- Utvikle digital formidling av materiell og immateriell kulturarv ved kyrkjer i bispedømmet i samarbeid med sokneråd og fellesråd.

Kunst og kultur i diakonale satsingar

- Gjere erfaringar med kunst og kultur i samband med diakonale satsingar, t.d. sorgmånad og kyrkjeleg arbeid med berekraftsmål.

Ungdomskultur

- Kompetansehevande tiltak for tilsette og frivillige medarbeidarar i kyrkjelydane.

Finansiering:

Møre bispedømme si kultursatsing i perioden blir finansiert gjennom

- ✓ Bispedømmerådets budsjett
- ✓ Plan for bruk av akkumulert mindreforbruk
- ✓ Vekstmidlar/OVF
- ✓ Mindreforbruk i tilskotsforvaltninga til trusopplæring, diakoni, undervisning



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

07/377-10 /IMH

MANDAT FOR KYRKJEMUSIKALSK RÅD I MØRE VEDTEKE I MØRE BISPEDØMERÅD 30.08.2010

1. Kyrkjemusikalsk råd er eit fast utval for Møre biskop og Møre bispedømeråd. Møre bispedømeråd budsjetterer driftsutgiftene for utvalet.
2. Kyrkjemusikalsk råd har desse oppgåvene:
 - a) Å få i stand faglege og kollegiale samlingar for kantorar og organistar i Møre bispedøme. Det er ønskjeleg at det er to slike samlingar i året. Samlingane har som føremål både å ta opp faglege tema som høyrer til kyrkjemusikkenesta og kyrkjesongen, og å byggje eit kollegialt fellesskap mellom alle kyrkjemusikarar. Kantorane er ei gruppe som kan vigslast. Biskopen tek difor del i minst ei samling for året.
 - b) Å gje fagleg uttale til biskopen i orgelsaker der biskopen bed om det.
 - c) Å gje faglege råd til biskopen og bispedømerådet i kyrkjemusikalske spørsmål, medrekna liturgiske og salmebokrelaterte spørsmål knytte til gudstenestereformer og anna kyrkjemusikalsk utviklingsarbeid.
3. Kyrkjemusikalsk råd har tre medlemer med personlege varamedlemer:
 - a) Ein av domkantorane (Den andre domkantoren vert varamedlem)
 - b) To kantorar/organistar med varamedlemer valde av gruppa sjølv

Kyrkjemusikalsk råd vel sjølv leiar. Valperioden følgjer valperioden for bispedømerådet. Ein tilsett frå bispedømekontoret er sekretær for rådet, men er ikkje medlem med stemmerett.
4. Kyrkjemusikalsk råd fører protokoll frå møta sine og sender kopi til bispedømerådet.

«Soa_Adr2»

«Soa_Adr»

«Soa_Postnr» «Soa_Poststed»

E-post: «Soa_Email»

Web: «Soa_div3»

Org. nr.: «Soa_div1»

Telefon: «Soa_Tlf»

Telefaks: «Soa_Fax»

Bankkontonr: «Soa_div2»



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Marie Marti	723	25/00449-4	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
34/25	Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025

Misjon og økumenikk i Møre: Tema til samtale.

Saksorientering

Denne saka skal legges til rette for samtale om misjon og økumenikk, med særleg vekt på SMM og det økumeniske landskapet i Møre.

Sjølve ordet misjon kjem frå det latinske ordet *missio* som tyder «utsending» eller «oppdrag», og ligg i kjernen av kva det vil seie å vere kyrkje når kyrkjemøtet i KM 07/12 seier:

Den norske kyrkje er ein vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje. Misjon handlar om kva det vil si å være kyrkje. Vi skal saman med den verdsvide kyrkje forkynne evangeliet om Jesus Kristus i nærvær, handling og ord – lokalt og globalt. Under dette høyrer både evangelisering, diakoni og dialog saman.

Misjon må altså forståast som noko lokalt og globalt, der både SMM og økumenikk høyrer til. Det bør òg nemnast at misjon ikkje er eit uomtvisteleg og eintydig omgrep. Difor er det viktig å understreke at evangelisering, diakoni og dialog alle høyrer saman til misjon, men må byggast på kunnskap om og respekt for andre si livstolkning og åndelege erfaringar. Det handlar om å dele det Gud gir oss.

Grunna dei mange sjølvstendige misjonsorganisasjonane har ikkje Dnk etablert eiga misjonsavdeling, men samhandlar med ulike organisasjonar gjennom SMM (Samarbeid Menighet og Misjon). SMM er eit formelt og praktisk samarbeid mellom Den norske kyrkje og sju norske misjonsorganisasjonar; Himalpartner, Areopagos, Det Norske Misjonsselskap, Stefanusalliansen, Misjonsalliansen, Den Norske Israelsmisjon og Normisjon.

I Møre møtast representantar frå kvar organisasjon tre til fire gonger i året for å dele erfaringar og inspirasjon, samt drøfte korleis ein kan styrke misjonsengasjementet i regionen. Det har vore arbeid aktivt for at kvart sokn skal ha eit misjonsengasjement i form av ein misjonsavtale med ein eller fleire av desse organisasjonane. I dag har dei fleste sokneråd slike avtaler.

SMM vart oppretta i 1993, og har sida vore sentrale tema i KM 09/21 «Dnks globale oppdrag» og KM 07/12 «Misjon til forandring – Utfordringane frå Edinburgh 2010». Dette

samarbeidet resulterte i at det vart oppretta misjonsrådgivarstillingar i kvart bispedøme samfinansiert av organisasjonane og Dnk. I 2022 gjekk ein vekk frå denne finansieringsmodellen, men med eit framleis ønske om å oppretthalde misjonsengasjementet i bispedøma. Dette har endra på arbeidsdelinga, og no er det i større grad organisasjonane sjølve som held kontakt med sokna om misjonsavtala.

SMM er i dag eit viktig organ for Møre å vidare styrke misjonsengasjementet, men må også sjåast som ein del av bispedømet's økumeniske arbeid.

Omgrepet økumenikk kjem frå det greske ordet «oikoumene» som tyder «heile den busette verda». Det er eit vidt omgrep som omfattar både dialog mellom kyrkjer om teologiske spørsmål, samarbeid om misjonsoppdraget, om diakoni og arbeid med samfunnsspørsmål.

Det økumeniske engasjementet i Dnk står i spenn mellom det globale, nasjonale, regionale og lokale. Internasjonalt er Dnk medlem av Kyrkjenes verdsråd, eit fellesskap av rundt 350 kyrkjer frå heile verda, der mellom anna biskop Ingeborg Midtømme sit i sentralkomiteen. Andre overnasjonale samhandlingsforum der Dnk er medlem er mellom anna Det lutherske verdsforbund (LVF), Konferansen av Europeiske Kyrkjer (KEK), Community of Protestant Churches in Europe (CPCE) og Porvoo-fellesskapet.

I Noreg er Norges Kristne Råd (NKR) den største økumeniske forumet, men her kan også Kirkens Nødhjelp (KN) nemnes, som er eit økumenisk samarbeid om bistand. Økumenikk er derfor også ein viktig del av å bidra til «Dnks globale oppdrag».

Økumenikk er viktig for den regionale og lokale kyrkja. I Møre er det registrert 36 kristne trussamfunn forutan dei nasjonalt registrerte slik som til dømes den katolske kyrkje og ulike kyrkjer i den ortodokse kyrkjefamilien.

Samarbeidet med desse trussamfunna speglar det komplekse forholdet mellom det nasjonale, regionale og lokale nivået, ettersom dei er ulikt organiserte. I Møre finst døme på etablert samarbeid i form av at ulike forstandarar og prestar møtest jamleg, samt meir prosjekterrelaterte initiativ, til dømes fakkeltog i regi av Stefanusalliansen.

Forslag til vedtak

Ingen forslag til vedtak i denne saka.



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	110	25/02137-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
34/25	Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025

Budsjett og årsplan 2026 - overordna styringssignal

Saksorientering

Budsjett og årsplan høyrer saman og blir utvikla over fleire møter i bispedømmerådet. I den første handsaminga i rådet blir bispedømmerådet utfordra til å seie noko om dei overordna styringssignala.

Prosess

Årsplan og budsjett blir utvikla i ein prosess saman med administrasjonen, drøfting med tillitsvalde, og med innspel frå prostemøtet og andre relevante aktørar. Etter dette vil stiftsdirektør vil leggje fram årsplan og budsjett for endeleg handsaming.

Budsjett og årsplanprosessen i Møre er utvikla på grunnlag av kyrkjerådet sin framdriftsplan i budsjettarbeidet. Som grunnlag for bispedømmet si handsaming av overordna styringssignal ligg Møre bispedømme sitt strategidokument.

Budsjett 2026

Dei økonomiske rammene er meir usikre enn før. Eit ekspertutval har lagt fram si tilråding for framtidig finansiering av livsynsfeltet. Det gjenstår ei politisk handsaming av denne.

Kyrkjerådet har gjort vedtak som har fått og vil få konsekvensar for Møre bispedømme. For 2025 blei tilskodet redusert tilsvarande andelen av 11 administrative stillingar i rDnk. For 2026 blir tilskotet ytterlegare redusert med andelen av 30 administrative stillingar i rDnk. Utover dette er det venta at dei økonomiske rammene ikkje blir vesentleg endra frå inneverande år.

For 2025 fekk Møre redusert tilskot på 1,3 mill som følgje av akkumulert meirforbruk i 2024. Under føresetnad av rekneskap i balanse i 2025 vil Møre ha heile tilskotet til disposisjon i 2026.

Endeleg tal og styringssignal blir formulert og lagt fram i tildelingsbrevet frå Kyrkjerådet i februar. Dei økonomiske rammene i tildelingsbrevet blir lagt til grunn når bispedømmerådet gjer sitt endelege budsjett- og årsplanvedtak i mars -26.

Bispedømmerådet sine prioriteringar

A) Møre bispedømeråd har gjort vedtak som har økonomiske konsekvensar

1. Antal prosti
2. Antal årsverk i prestetenesta -
3. Antal årsverk spesialprestar – fengsels- og studentprestar
4. Antal årsverk i bispedømeadministrasjonen

B) Årsplan 2026

I arbeidet med årsplan 2026 må det bli gjort prioriteringar innafor knappe ressursar og bispedømerådet gir innspel til dette i ein annan sak.

C) Særleg om arrangement, faglege samlingar og møter i 2026

Det er aktuelt med stiftsdag(ar), prostidagar, fagsamlingar og tverrfaglege samlingar. Det er og auka forventning til samhandling mellom bispedømeråd og dei lokale rådsorgana.

Tiltak innafor desse felte vil trekke ressursar avhengig av omfang.

Forslag til vedtak

Bispedømerådet ber om at budsjett 2026 tar omsyn til tildeling, tidlegare vedtak om stillingsressursar, rekneskapsresultat for 2025 og dei overordna signal som kom fram i denne saka.



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	012	23/03020-9	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
35/25	Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025

Møteplan 2026 - Møre bispedømmeråd

Saksorientering

Bakgrunn

Bispedømmerådet vedtar årleg møteplanen for komande år. Bispedømmerådet fastsett møteplan for 2026 i møte, jf. § 4.1 i reglar om formene for bispedømmerådet si verksemd.

Møteplanen for bispedømmerådet er del av møtekalenderen for bispedømmet og legger premiss for andre møter. Samstundes er det allereie no aktivitetar som vil legge føringar for bispedømmerådet sine møter, til dømes visitasar, Kyrkjemøtet, møter i Kyrkjerådet og Bispemøtet. Kyrkjerådet har møter på desse datoane:

- 29.-30. januar
- 19. februar, fjernmøte
- 23. april, fjernmøte
- 21.-22. mai
- 18. juni, fjernmøte
- 3.-4. september
- 22. oktober, fjernmøte
- 19. november, fjernmøte
- 3.-4. desember

(Fjernmøter går ut dersom det ikkje er saker til behandling).

Normalt blir møter for bispedømmerådet halde på bispedømekontoret. Bispedømmerådet har gitt uttrykk for at møter skal haldast fysisk og berre unntaksvis etter reglane om fjernmøte. Om bispedømmerådet ønskjer å halde nokre av møta ute i bispedømmet, bør det drøftast i møte. Eventuelle stader må bli kontakta i god tid på førehand og praktiske og økonomiske tilhøve må vurderast.

Drøfting

Kyrkjemøtet 2023 vedtok nytt personalreglement for Den norske kyrkja som fører til at bispedømmerådene ikkje lengre skal behandle tilsettingssaker, med unntak av prostetilsettingar. Det fører til at talet på saker har gått ned.

Kyrkjemøtet vedtok i sak 05/23 om kyrkjeleg organisering mv, at bispedømmerådet sin strategiske rolle skal bli styrka. Kva dette vil seie ligg til Kyrkjerådet å greia ut vidare, men og for bispedømmerådet å konkretisere – sjå anna sak. Bispedømmerådet har framleis økonomi- og planansvar og gir høyringar på fleire aktuelle spørsmål.

I saka om kyrkjeleg organisering har Kyrkjemøtet streka under at det er viktig med tett samspel mellom dei ulike organa og nivåa i kyrkja. Ein konsekvens av dette, er at det er ønskeleg med regelmessige møter mellom bispedømmerådet og folkevalde i den lokale kyrkja. Det mest nærliggande er at bispedømmerådet inviterer fellesrådsleiarar (25) og eventuelt også soknerådsleiarar (96) til ein årleg samling, gjerne i forkant av Kyrkjemøtet slik at en saman kan drøfte aktuelle saker og felles mål for arbeidet. Det blir ikkje lagt opp til eit møte direkte i forkant av Kyrkjemøtet, som blir halde i Trondheim i dagane 19/3– 23/3-26

Bispedømmerådet har hatt møter på dagtid og få eller ingen møter som fjernmøter. Av omsyn til reisetid er det lite aktuelt å legge fysiske møter til kveldstid.

Det kan vere aktuelt å opne opp for kortare møter som blir gjennomført som fjernmøte (les digitalt på Teams). Desse møta kan gå ut dersom det ikkje er saker til behandling, jf. praksis i Kyrkjerådet.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget nedanfor inneber at bispedømmerådet har 4 ordinære møter, 3 fjernmøter og ei digitale samling saman med folkevalde frå lokalkyrkja. Vi ser ikkje at kostnadane til dette vil vere høgare enn i 2024 – heller lågare sidan det ikkje er møte med overnatting. Om møter med lokale rådsleiarar skal vere fysisk, vil dette ha eit anna kostnadsomfang.

Konklusjon

Med utgangspunkt i forutsetningane ovanfor, foreslår administrasjonen følgjande møteplan for 2026:

Måndag 2/2 Fjernmøte
Måndag 23/2 Digitalt samråd med sokneråd/fellesråd før Kyrkjemøtet
Måndag 13/3 Fysisk møte med førebuing til Kyrkjemøtet
Måndag 27/4 Fjernmøte
Måndag 6/6 Fysisk møte
Måndag 21/9 Fysisk møte
Måndag 26/10 Fjernmøte
Måndag 7/12 Fysisk møte med årsplan/budsjett
(Fjernmøter går ut dersom det ikkje er saker til behandling)

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd vedtar slik møteplan for 2026

Måndag 2/2 Fjernmøte
Måndag 23/2 Digitalt samråd med sokneråd/fellesråd før Kyrkjemøtet
Måndag 13/3 Fysisk møte med førebuing til Kyrkjemøtet
Måndag 27/4 Fjernmøte
Måndag 6/6 Fysisk møte
Måndag 21/9 Fysisk møte
Måndag 26/10 Fjernmøte
Måndag 7/12 Fysisk møte med årsplan/budsjett
(Fjernmøter går ut dersom det ikkje er saker til behandling)



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Elin Næsje Sætre	003	24/00049-17	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
36/25	Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025

Orienteringar til møte i Møre bispedømmeråd 12. september 2025

Vedlegg:

Visitasforedrag Nesset 2025, signert

NY KULTURMILJØLOV - HØYRINGSSVAR FRÅ MØRE BISKOP

Saksorientering

I denne saka blir det gitt skriftlege og munnlege orienteringar til bispedømmerådet.

Medlemmer av ulike råd og utval har høve til å gi munnlege orienteringar frå møter eller aktiviteter. Saka kan bli oppdatert fram til møtet blir halde.

Skriftlege orienteringar:

- Høyringssvar fra Møre biskop – Ny lov om kulturmiljø**
Møre biskop har gitt høyringssvar i høve arbeidet med ny lov om kulturmiljø. Høyringssvaret ligg som vedlegg
- Visitasforedrag Nesset 20. – 25. mai 2025**
Det har vore visitas i Nesset. Vedlagt ligger visitasforedraget
- Oversikt over utlysinger og ledige stillingar**
I Møre bispedømme er det no 1,6 ledige stillingar. Ein stilling i Sunndal og 60% i Ellingsøy.
- Klokkeringing – solidaritet 7. august**
Det har vore ei solidaritetsmarkering mht til situasjonen i Gaza. Alle domkyrkjer og ei rekke soknekyrkjer ringte med klokkene.
- Prostisamlinger haust 2025**
Det blir gjennomført samlingar for alle tilsette i alle prosti i haust. Kvart prosti har eit eige opplegg planlagt av prost/kyrkjeverjer. I tillegg har biskop/bispedømmeadministrasjon ei sesjon i tema «Håp – og kyrkja som håpsberar»
- Ungdommens Kirkemøte 3 – 6 oktober– saksliste**
Sakene som skal behandles på årets Ungdommens kirkemøte er
-What would Jesus do?
-Unge i kirken for bærekraft

- Den norske kirke mot mobbing
- Den norske kirkes forhold til jøder og jødedom.

Meir informasjon ligger her:

<https://www.kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/ungdommens-kirkemote/saksdokumenter-og-vedtak/UKM2025/>

Munnlege orienteringar:

1. Biskopen orienterer

- a. om studentpresttjenesta – opning NTNU – og dei øvrige høgskulane
- b. om ungdomslederleir på Nordmøre
- c. om Kirkenes Verdensråd – biskop Ingeborg Midttømme er gjenvalgt

2. Stiftsdirektøren orienterer

- a. Organisasjonsendringar bispedømekontoret

3. Frå Kyrkjerådet

4. Eventuelle andre orienteringar

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tek orienteringane til vitande.

**DEN NORSKE KYRKJA**

Møre biskop

Dato: 28.07.2025

Vår ref: 25/02064-1 SMH

Dykkar ref:

NOU 2025:3 NY KULTURMILJØLOV - HØYRINGSSVAR FRÅ MØRE BISKOP

Kulturmiljølovutvalet la våren 2025 fram utgreiinga *NOU 2025: 3 Ny kulturmiljølov*. Den blei overlevert klima- og miljøministeren 24. mars, og vart deretter sendt på høyring med høyringsfrist 15. august 2025. Kyrkjer og kyrkjestader er eitt av fleire viktig punkt i utgreiinga, og Den norske kyrkja er mellom høyringsinstansane.

Ved presentasjonen vart det peika på at gjeldande kulturminnelov er frå 1978, og at det trengs oppdatering. Utvalet har mellom anna lagt vekt på å utforme ei enklare og meir oversiktleg lov, med fleire fleksible og felles føresegner.

Lovutvalet foreslår å vidareføre mange av dagens reglar frå kulturminnelova, t.d. om automatisk freding og freding ved vedtak, men det blir også foreslått ein del endringar og justeringar. Mellom anna blir det tatt til orde for å flytte grensa for automatisk freding nærare fram i tid (1850 for kyrkjebygg), vidare å avvikle ordninga med *listeføring* av kulturhistorisk verdfulle kyrkjer og i staden vurdere kyrkjer etter 1850 enkeltvis for vedtaksfreding – og til sist å overføre forvaltningsmyndet for slike kyrkjebygg (freda og listeførte) frå Riksantikvaren til fylkeskommunen. Føremålet er å sikre fleire kyrkjer eit formelt vern.

1. Den kyrkjelege kulturarven

For Den norske kyrkja og Møre biskop er forslaga som rører ved kyrkjebygg og kyrkjestader særleg viktige. *Kyrkje* er nemnt over 600 gonger i høyringsnotatet. Dét seier noko om viktigheita av desse kulturminna.

I Den norske kyrkja sin eigen kulturarvstrategi *Kirkelig Kulturarv* (2021) heiter det i visjonen:

Kirken vil at den kirkelige kulturarven skal bli bevart, være i aktiv bruk og bli videreutviklet fordi den oppleves som viktig for Den norske kirkes menigheter og storsamfunnet.

Kyrkjene er Noreg sine «kronjuvelar» og kanskje vår største nasjonalskatt. Det er lett å tenkje

Postadresse:
Moldetrappa 1
6415 MOLDE

E-post: more.biskop@kirken.no
Web: www.kirken.no/more
Org.nr.: 818066872

Telefon: +47 71250670
Telefaks:

Sakshandsamar
Svein Magne Harnes

seg kor fattig landet ville vere utan dei mange levande kyrkjestadane, og kyrkjespira som strekkjer seg mot himmelen.

Kulturarvstrategien peikar på at kyrkjebygg og kyrkjestadene fungerer som limet mellom Den norske kyrkja og storsamfunnet. Kyrkjene er berarar av umisselege immaterielle og materielle verdiar, og for nasjonen Noreg er kyrkjebygg og kyrkjestadane den sentrale historiske bygningsarven. Dei må takast i vare som dette. Det bør innebere at dei får ei samla og heilskapleg nasjonal forvaltning.

Den kyrkjelege kulturarvstrategien seier at kyrkjestadane med kyrkjebygg, inventar og nære omgjevnader må bli bevarte og vedlikehaldne på ein kulturminnefagleg god måte, m.a. ved at minst 70 % av kyrkjebygg får vern som nasjonale kulturminneverdiar gjennom freding i samsvar med kulturminnelova - tilpassa kyrkjeleg bruk.

På denne bakgrunnen er vi glade for at høyringsdokumentet og lovframlegget til ny kulturmiljølov så tydeleg peikar på kyrkjene som særleg viktige kulturminne, og at det blir lagt til rette for ei fagleg sterk og føreseieleg kulturmiljøforvaltning av desse.

Vi meiner det er klokt at det i mandatet for lovarbeidet blir presisert at utvalet må sjå til Den norske kyrkja sitt eige regelverk for forvaltning av kyrkjer, både når det gjeld sakshandsamingsreglar og omsynet til balansen mellom bruk og vern.

I hovudsak støttar vi lovutvalet sitt framlegg til ny kulturmiljølov, men har nokre innspel og atterhald kring einskilde emne knytt til kyrkjebygg og kyrkjestader. Dette går fram av punkta som følgjer.

2. Biskopen si rolle og mynde i forvaltinga av kyrkjebygg og kyrkjestader

Biskopen si rolle som vedtaksmynde knytt til kyrkjebygg er ikkje per se tema i høyringa omkring ny kulturmiljølov. Vi ser samtidig at fleire høyringssvar peikar på at regelverk og vedtaksmynde knytt til dette lovframlegget vil leggje premissar for biskopen si rolle, og at dette må bli tema i komande utgreiingar.

Vi ønskjer allereie i dette høyringssvaret å peike på nokre forhold som knyter biskopen til kulturmiljølova. Sjå nærare om dette i dei vidare punkta.

Biskopen sine plikter og oppgåver er forankra i tenesteordninga for biskop, der det m.a. heiter at biskopen vigslar kyrkjer, fører tilsyn med bruken av kyrkjene, har oversyn over liturgisk inventar og utstyr og etterser kyrkjene i samband med visitasar.

Biskopen sitt tilsyn med sokna handlar om omsut for kyrkjelyden, kyrkjebygg og kyrkjestadane. Ved sida av det reint *åndeleg* tilsynet, som m.a. er knytt til kyrkjene som heilage rom, kyrkjeleg teneste og soknet sin samlingsstad, handlar dette også om å trygge kulturminnet. Det inneber å ta vare på historie og tradisjon, estetikk og uttrykk, både når det gjeld den materielle så vel som den immaterielle kulturarven.

I fleire kyrkjemøte- og kyrkjerådsvedtak i samband med ny trussamfunnslov og ny kyrkjeordning for Den norske kyrkja i 2021, vart biskopen si sentrale rolle i kyrkjebyggforvaltinga stadfesta. Biskopen fekk *«et bredt og helhetlig faglig ansvar på*

kirkebyggfeltet». Biskopen er ein nødvendig og viktig aktør i kulturminneforvaltninga av kyrkjene - og dermed også i samband med ny kulturmiljølov.

Trussamfunnslova seier i § 15 at kyrkjebygg er sokna sine eigedomar og at kyrkjemøtet gir reglar om forvaltning av kyrkjebygg. Kyrkjemøtet sine reglar er samla i *Kyrkjeordninga*, der §§ 20, 23 m.a. seier at biskopen skal godkjenne anskaffing og avhending av kyrkja sitt inventar og utstyr (§20) og at biskopen skal godkjenne alle tiltak ut over vanleg vedlikehald av kyrkje.

Kyrkjebyggforskrifta har sidan 2021 gitt reglar om forvaltning av kulturhistorisk verdfulle kyrkjer i Den norske kyrkja som ikkje er freda etter kulturminnelova (listeførte kyrkjer). Forskrifta gjer det i § 3 klårt at søknader kring tiltak på desse kyrkjene som går ut over vanleg vedlikehald skal sendast til biskopen. Biskopen har altså i dag **avgjerdsmynde** i slike saker, etter å ha henta inn uttale frå Riksantikvaren.

Biskopen si godkjenningssordning for kyrkjebygg blir utøvd i eit nært og tillitsfullt samarbeid med kyrkjeieigar (soknet) på den eine sida – og Riksantikvaren på den andre sida. *Vern gjennom bruk* er rettesnora i denne samhandlinga. Kyrkjene er ikkje museum, men levande forsamlingar, der bygga er i bruk mange gonger og på mange måtar kvar veke gjennom året - og der det er naudsynt med tilrettelegging og tilpassing for bruken. Denne samvirkemodellen mellom Den norske kyrkja og Riksantikvaren er innarbeidd gjennom mange år.

I det følgjande vil vi kommentere nokre av dei sentrale punkta og framlegga i høyringsnotatet som rører ved forvaltning av kyrkjer og kyrkjestader:

3. Automatisk freding av alle kyrkjer før 1850

Møre biskop støttar høyringsdokumentet sine framlegg om at automatisk freding skal gjelde også for alle kyrkjer frå tida mellom 1650 – 1850. Alle kyrkjer før 1650 er allereie automatisk freda. Kyrkjene frå etter 1850 (sjå pkt. 4) blir foreslått enkeltvis vurdert for vedtaksfreding. Jf. § 15 c samt § 22 c i Framlegg til lov om kulturmiljølov.

Slik det blir peika på i utgreiinga har dagens ordning med automatisk listeføring av kyrkjer 1650 - 1850 innebore ein praksis der desse kyrkjene er tilnærma behandla som om dei er freda – men der biskopen har vedtaksmynde ved søknader om tiltak. Det nye i lovframlegget om automatisk freding vil vere at ein forankrar praksisen i heimel, som i sin tur vil innebere at fylkeskommunen blir nytt vedtaksmynde, dersom tilrådinga frå kulturmiljølovutvalet blir vedteke.

Vi ser at det både i høyringsdokumentet og i nokre høyringssvar er problematisert og drøfta kva type freding kyrkjene etter 1650 bør få; automatisk freding, vedtaksfreding eller forskriftsfreding - fordi type freding vil ha noko å seie for fleksibiliteten i forvaltninga. Lovutvalet konkluderer altså med at kyrkjene mellom 1650 - 1850 bør bli automatisk freda, medan kyrkjer etter 1850 kan bli vedtaksfreda.

Vi ser at det er argument for og imot både type freding og årsskilje. Talet på kyrkjer frå dei ulike tidsperiodane varierer i bispedøma, og kan også ha innverknad på ei slik vurdering. Vi

kan støtte lovutvalet sin argumentasjon om automatisk freding / vedtaksfreding, og er samd i 1850 som eit naturleg tidsskilje.

Biskopen har lenge forhalde seg til ordninga med automatisk freding av kyrkjebygg frå før 1650, i hovudsak kyrkjer frå mellomalderen. I kyrkjebyggsaker knytt til dei freda kyrkjene har Riksantikvaren i sine vedtaksbrev alltid gjort søkjaren merksam på at biskopen skal handsame søknaden, etter kyrkjeordninga. Dette har tydeleggjort kyrkjeleg medverknad også i godkjenningssaker for dei freda kyrkjene, der Riksantikvaren har avgjerdsmynde.

Om lovutvalet sitt framlegg blir vedteke, vil det i Møre bispedøme innebære at talet på automatisk freda kyrkjer vil auke frå 9 til 31, eller 26 % av alle kyrkjer i Møre. Vi støttar eit sterkt vern av desse kulturhistorisk svært verdfulle kyrkjene, men er uroa for at total freding av såpass mange kyrkjer kán innebære meir rigiditet når det gjeld forvalting og bruk – og det kan bli fleire klagesaker. I eit nytt forvaltingsregime må derfor den kyrkjelege stemma bli høyrte og ha medverknad. Dette må regelfestast.

4. Avvikling av listeføringa – etablering av vedtaksfreding for kyrkjer etter 1850

Som ein konsekvens av at alle kyrkjer før 1850 blir foreslått automatisk freda, og at mange kyrkjer frå etter 1850 bli kan vedtaksfreda, tar lovutvalet til orde for at listeføringsordninga blir avvikla. Utvalet skriv:

«Det å erstatte listeføringsordninga frå kyrkjerundskrivet med formelt vern etter kulturmiljølova vil óg gje eit meir heilskapleg og oversiktleg regelverk. Utvalet meiner difor at den forvaltningsordninga som er etablert gjennom kyrkjebyggforskrifta og listeføringsordninga, bør erstattast av eit formelt vern.»

I Møre bispedøme kan dette innebære at talet på freda kyrkjer - anten automatisk eller gjennom vedtak - kan stige frå dagens 10 heilt opp mot kring 80 kyrkjer. Det vil seie ca. 67 % av alle kyrkjer i Møre.

Den norske kyrkja har sidan arbeidet med ny trussamfunnslov starta vore inneforstått med og gått inn for at listeføringsordninga bør avløyast av ein lovheimel for dei kulturhistorisk verdfulle kyrkjene. I kyrkjemøtet sitt høyringssvar til departementet sitt framlegg til ny trussamfunnslov i 2017, vart det peika på at kyrkjene må få eit lovfesta kulturminnevern:

«Kirkemøtet mener, i likhet med Riksantikvaren, at ansvaret for verneverdige kirker må gis tilstrekkelig hjemmel under kulturminneloven. Kirkemøtet mener dette er et statlig ansvar – på samfunnsfellesskapets vegne – og ikke et rent kirkelig ansvar.»

Møre biskop deler dette resonnementet. Derfor kan vi i prinsippet støtte at ordninga med listeføring av kyrkjer blir avvikla til fordel for ei heimla freding. Dette gir alle kyrkjer med høg kulturhistorisk verdi eit sterkare rettsleg vern. Freding legg grunnlaget for eit meir einskapleg regelverk i kyrkjebyggforvaltinga. Vi meiner dét er overordna viktig. Kyrkjene er dei viktigaste kulturminna i Noreg og lovfesting gir tryggleik for ei langsiktig og stabil forvalting.

Eit overordna perspektiv må vere at *dei aller fleste* av kyrkjene etter 1850 som i dag er listeførte som kulturhistorisk verdfulle blir omfatta av dei nye fredingsbestemmingane, og slik beheld eit vern. Dersom verneforma *vedtaksfreding* er den best eigna til å bestemme

fredingsføremål og fredingsføresegner tilpassa kvar einskild kyrkje, meiner vi dette er føremålstenleg.

Vi støttar også at fredinga må femne om kyrkja sitt interiør samt gje føringar for kyrkja sine nære omgjevnader, slik det blir gjort framlegg om i høyringsnotatet.

Vi forstår at fredingsarbeidet vil måtte gå over nokså lang tid. Listeføringa må vere gjeldande forvaltning inntil vurderingane av kyrkjer enkeltvis for vedtaksfreding er gjennomført. Vi ser for oss at dette kan ta fleire år.

5. Biskopens medraderett under nye fredingsbestemmingar

Samtidig som vi i prinsippet støttar ei omlegging over tid frå listeføring til freding, er vi uroa for at omlegginga vil innebære at Den norske kyrkja og biskopen mistar mynde over godkjenningssprossar knytte til endringar i og på kyrkjebygga. Derfor meiner vi at tydeleg regelfesting av kyrkjeleg medverknad i avgjerdsprossane må følgje omlegginga. Kulturmiljølovutvalet skriv:

«Det at dei fleste kyrkjebygga er i aktiv bruk, kan gjere det naudsynt å tilpasse bygga på måtar som kan kome i konflikt med verneomsyn. Balansen mellom bruk og vern må då løysast gjennom kulturmiljøstyresmakta sin praksis. Dette må skje innanfor rammene av kulturmiljølova og trussamfunnslova» (side 300 i høyringsdokumentet)

Vi les dette som at biskopens godkjenningssordning, heimla i trussamfunnslova, skal ha vekt når avgjerder etter kulturmiljølova blir tekne. Spørsmålet er kor tung vekt?

Kyrkjemøtet sine *Regler for bruk av kirkene* (2024) gjer det i § 1 klårt at kyrkjebygga er vigsla til bruk for gudstenester og kyrkjelege handlingar, og er den sentrale samlingsstaden for kyrkjelyden. I § 4 i same regelverk blir det tydeleggjort at kyrkja sitt føremål er bestemmende for avgjerder om bruk av kyrkja, og at bruken er underlagt biskopen sitt tilsynsmynde. Bruken har implikasjonar for korleis kyrkjene må vere tilpassa og tilrettelagt. Det er ei årelang og knesett ordning at biskopen har hatt avgjerande medverknad på tiltak knytte til interiør og eksteriør på kyrkjene.

I ei ny ordning med automatisk freding eller vedtaksfreding av fleirtalet av kyrkjene oppfattar vi at dei fleste kyrkjebyggsaker vil bli ferdigbehandla av *fylkeskommunen* etter den nye *kulturmiljølova*, der vedtak vil vere knytte til dispensasjon frå fredingsbestemmingane. I ei slik ordning kan biskopen si rolle bli avgrensa til å vere uttaleinstans, på linje med andre uttaleinstansar.

Sjølv om erfaring viser at samhandling gjennom drøftingar og synfaringar gir lite usemje mellom avgjerdsmynde og uttalepartar i saker som gjeld kyrkjebygg, representerer omlegginga frå listeføring til freding ei svekking av biskopen sitt mynde over desse kyrkjebygga. Biskopen vil miste avgjerdsmynde i storparten av sakene som gjeld endringar i og på dagens listeførte kyrkjer.

Sjølv om vi i prinsippet støttar omlegginga, er vi betenkt over at ein overgang frå biskopens godkjenningssordning til ei ordning med dispensasjon frå fredingsbestemmingar administrert av fylkeskommunen kan gje ein strengare praksis og ein høgare terskel for godkjenning av søknader knytte til dagens listeførte kyrkjer.

Dette kan gje auka friksjon mellom lokalkyrkja og kulturminneforvaltinga, hindre fleksibilitet i løysingane og representere ei tydelegare avgrensing av den kyrkjelege råderetten over eigne bygg. I saker der alle partar i utgangspunktet støttar kulturminnevern kan dette verke kontraproduktivt. Derfor blir det viktig at kulturmiljømyndet er lydhøyr for den kyrkjelege røysta og opnar for ein dispensasjonspraksis som ikkje er for streng.

Vi minner om at det i Den norske kyrkja sin kulturarvstrategi (2021) blir peika på at biskopen også i framtida må ha ein form for mynde når det gjeld saksbehandling av endring i kyrkjene - og at biskopen må vere kyrkja sin regionale hovudkontakt ut mot kulturminneforvaltninga:

“[Kirkelig] Kompetanse og kapasitet på regionalt nivå vil være avgjørende for god forvaltning av de bevaringsverdige kirkene og ha sterk innflytelse på de beslutninger som skal tas”.

Dagens ordning, der biskopen samrår seg med Riksantikvaren og snakkar med sokna om klok kulturminneforvaltning av kyrkjene, før biskopen gjer endeleg vedtak – kan ein sjå som ei meir inkluderande og ansvarleggjerande forvaltning enn ei nyordning der soknet og biskopen berre får uttalerett om eige hus – medan fylkeskommunen gjer bindande vedtak.

Brukskyrkjene frå 1800-talet og framover har ofte ei anna rolle i det lokale kyrkjelivet enn mellomalderkyrkjene, som heile tida har vore freda. Det er meir og breiare aktivitet i brukskyrkjene, og dei må vere robuste for å tole bruken. Det er i desse kyrkjene ein må finne den gode balansen mellom bruk og vern. Kyrkjeieigar og biskop kjenner utfordringane - og må ha ei tydeleg røyst i forvaltinga av desse bygga.

Biskopen sin medverknad og involvering i kyrkjebyggforvaltinga må derfor vere djup. Når vi no i prinsippet kan støtte ei nyordning, der heimla avgjerdsamt for kyrkjebygga kan bli lagt til fylkeskommunen, meiner vi biskopens medråderett må bli regelfesta, ut over det som gjeld i kyrkjeordninga. På same måten som Riksantikvarens medverknad i forvaltinga av kulturhistorisk verdfulle kyrkjer vart forskriftsfesta i samband med ny trussamfunnslov, må biskopens medråderett over kyrkjebygga bli regelfesta opp mot ny kulturmiljølov.

6. Overføring av kulturmiljømynde for kyrkjene frå Riksantikvaren til fylkeskommunen

I høyringsdokumentet peikar lovutvalet på at kyrkjeforvaltninga i dag er fór kompleks og krevjande, fordi det er for mange forvaltningsnivå og aktørar samt utydeleg ansvarsfordeling. Lovutvalet meiner avgjerande argument talar for at forvaltningsansvaret for kyrkjebygg og kyrkjestad i ny kulturmiljølov som hovudregel bør plasserast hos fylkeskommunen. Det blir peika på at dette vil gje ei heilskapleg regional forvaltning av kulturmiljø, og at det også gjer forvaltinga enklare for kyrkjeieigarane.

Utvalet seier på den andre sida at dagens ordning med Riksantikvaren som forvaltar av kyrkjebygga er tufta på høg og spesiell kulturmiljøfagleg kompetanse, som sikrar einskapleg praksis, effektivitet og kontinuitet.

Møre biskop har i mange år samhandla med Riksantikvaren om kyrkjebygg, og har god erfaring med Riksantikvaren som samarbeidspart i kyrkjeforvaltningssaker. Frå biskopen si side har vi verdsett den spisskompetansen og erfaringa Riksantikvaren har, med ein dedikert kyrkjebyggseksjon som det har vore lett å samarbeide med – trass i geografisk avstand.

Vi har opplevd respekt for kyrkja sine perspektiv i forvaltinga, og erfart ei smidig haldning og open dialog kring kyrkjebyggsaker.

Å forhalde seg til Riksantikvaren for det som gjeld kyrkjebygga, og til fylkeskommunen for det som gjeld kyrkjestadane har ikkje vore før vanskeleg.

Vårt inntrykk er at også sokna og dei kyrkjelege fellestråda har eit avklara forhold til Riksantikvaren som kulturminnemynde på kyrkjebyggfeltet, og kjenner på tillit og stabilitet i samarbeidet. Vi høyrer ikkje mange røyster som seier at saksgangen er for komplisert.

Samarbeidsordninga med Riksantikvaren er prøvd over mange år. Det har gitt fagleg sterk og trygg forvalting i ei samforståing om *vern gjennom bruk*.

Ordninga er også blitt meir omfattande enn tidlegare, gjennom etableringa av Kyrkjebevaringsfondet.

Det er ikkje tungtvegande praktiske grunnar til å avvike denne samhandlinga.

Så kvifor endre noko som fungerer?

Vi forstår lovutvalet sin prinsipielle argumentasjon, der det berande argumentet er ei enklare og meir oversiktleg kulturminneforvalting knytt til eit heilskapleg regionalt ansvar.

Vi legg merke til at Kyrkjerådet kan støtte ei overflytting av kulturmiljøansvaret for kyrkjene frå Riksantikvaren til fylkeskommunen, fordi ein då får samla forvaltinga for kyrkjene og kyrkjestadane i eitt nivå - men vi ser også at Kyrkjerådet meiner dette må skje over tid, kanskje fleire år, og at det må etablerast overgangsordningar.

Fylkeskommunen har framifrå fagfolk, og kan byggje opp kompetanse på kyrkjebyggfeltet – men dette vil kome til å krevje mykje ressursar og ta lang tid. Ei eventuell oppgåveoverføring må derfor truleg gjerast over fleire år, samstundes som kontinuiteten i kyrkjebyggforvaltinga ikkje blir forpurra i overgangsperioden.

Vi ser dessutan ein fare for at kyrkjebyggforvalting i 15 ulike fylke kan gje fragmentering, ujamn praksis og mindre likebehandling.

Fylkeskommunen er underlagt politisk styring og kontroll. Politisk trykk, usikker ressurssituasjon og pressa økonomiske rammer i det regionale nivået kan medverke til å gjere forvaltinga mindre føreseieleg og mindre robust.

På bakgrunn av momenta som er nemnt over meiner vi kulturmiljømyndet for kyrkjebygg må vere hos Riksantikvaren i alle fall inntil kartleggings- og vedtaksfredingsarbeidet er gjennomført for kyrkjer etter 1850, og inntil fylkeskommunen har bygd opp nødvendig kompetanse og ressursar til kyrkjebyggforvalting.

Oppsummering

- **Vi støttar høyringsforslaget om at alle kyrkjer frå før 1850 blir automatisk freda.**

- **Vi støttar høyringsforslaget om at kyrkjer etter 1850 blir enkeltvis vurdert for vedtaksfreding.**
- **Vi meiner dei aller fleste listeførte kyrkjer etter 1850 må vedtaksfredast på basis av den store kulturhistoriske verdien.**
- **Vi er samde i at listeføringsordninga blir avvikla som ein konsekvens av fredinga.**
- **Vi meiner det må vere regelfesting av biskopens medverknad i avgjerdsprosessane knytte til det som gjeld kyrkjer og kyrkjestader i ny kulturmiljølov.**
- **Vi meiner kulturmiljømyndet for kulturhistorisk verdfulle kyrkjer skal bli hos Riksantikvaren, i det minste inntil kartleggings- og vedtaksfredingsarbeidet er gjennomført for kyrkjer etter 1850, og fylkeskommunen har fått bygd opp nødvendig kompetanse og ressursar til kyrkjebyggforvaltning.**

Med helsing

Ingeborg Midttømme
biskop

[Click here to enter text.](#)

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakrar:

[Click here to enter text.](#), [Click here to enter text.](#)

[Click here to enter text.](#)

[Click here to enter text.](#)

Biskopens visitasforedrag på Eidsvåg bedehus, 25.mai 2025.

Visitas i Eikesdal, Eresfjord, Nesset og Vistdal sokn 20.-25.mai.

Takk for disse dagene hvor jeg har fått være her og se til dere og se sammen med dere. Takk for alt det fine dere har lagt til rette for og tiden til å snakke sammen undervegs om det vi har sett. Å være biskop betyr å være «den som ser», og her har jeg fått se både dere og stedene dere samles. En visitas er et planlagt tilsynsbesøk som handler om å se hvordan kirken er kirke for folk i alle aldersgrupper og i alle livssituasjoner.

Når jeg kommer på visitas, er det for å se sammen med dere i takknemlighet over alt det gode som skjer, og som Gud gjør iblant dere. Jeg har flere ganger denne uken sagt at jeg er leder i «heiagjengen» deres, og her har jeg funnet mye å heie på! Så vil jeg med utgangspunkt i det jeg har sett, få komme med noen utfordringer.

Det er 7 år siden forrige visitas som var i november i 2018, og før det var jeg her i februar 2011. Begge de gangene var det mørkere årstider, med mye snø og høye brøytekanter. Og selv om vi har fått med oss litt snø denne uka også, har det vært veldig kjekt å få se bygdene med nyutsprungne løvtrær og lange, lyse dager.

Mye har skjedd på disse årene både i samfunnet og i kirken. Vi er ikke lenger en statskirke. I stedet omtales vi nå i Grunnloven som «folkekirke», og det gir både mening og gjenkjennelse. Vi har opplevd og sett mye denne uka fra vi startet med morgenbønn i Nesset kirke, til møte med de ansatte, på Frivillighetssentralen, møte med kommuneledelsen, besøk på skoler og omsorgsinstitusjoner, på Nesset gamle prestegard, bedriftsbesøk på Eira Water, minimusical i Sira kirke med barnehagebarn, møte med bygdelag og bygdekvinnelag i Vistdal på kafeen og en kveld hvor alle menighetsrådene var samlet i Eikesdalen. Takk til dere som har forberedt dette varierte programmet.

Det som har skjedd denne uka, kaller vi visitas II. På forhånd har det vært gjennomført visitas I med blant annet en gjennomgang av kirkebyggene som dere får i egen rapport, og så vil prosten følge dere opp med en visitas III. Der vil det være naturlig å ta opp de utfordringene dere har formulert og som jeg kommer med i dette foredraget.

Visitasreglementet for Den norske kirke §1 sier. *«Formålet med visitasreglementet er gjennom bispevisitasene å legge forholdene til rette for aktivt engasjement og stadig fornyelse i den evangelisk-lutherske folkekirke i Norge. (...) Formålet med bispevisitasen er å støtte, inspirere og veilede menigheter og ansatte, og gjøre kirkens nærvær synlig i lokalsamfunnet.»*

Gjennom dette foredraget er målet å gi tilbake noe av det vi har sett. En mer utfyllende protokoll kommer i tillegg. Dette er offentlige dokumenter som blir tilgjengelige for alle som ønsker det.

VISJON OG MÅL FOR ARBEIDET

Hele kirkens overordnede visjon er: *«Mer himmel på jord. Den norske kirke er en bekjennende, åpen, tjenende og misjonerende folkekirke, som vitner i ord og gjerning om frelse, frihet og håp i Jesus Kristus.»* Visjonen følges av en strategi som skal vare helt til 2030. Den har et tredelt fokus: *«Kirken for den enkelte, kirken i samfunnet og kirken som organisasjon»*. Målene er at *«Kirken åpner rom for tro, er der livet leves og er mer for flere.»* Hvordan dette kan skje her hos dere, er den viktige samtalen menighetsrådene både sammen

og hver for seg må ta. Dere som sitter i menighetsrådene, er en del av kirkas styringstjeneste og har en viktig rolle å spille. Dere vet hvordan det er å bo i de ulike bygdene i denne delen av kommunen, og dere ser hva det er behov for.

Vi kjenner fortida og har fått gode samtaler om nåtida som gir dere det beste grunnlaget for å forme framtida. Dere har begynt å ta i bruk det digitale verktøyet «Kirka vår», som er utviklet til hjelp for menighetene i Den norske kirke til å tenke strategisk og samle informasjon om menigheten. Det vil kunne hjelpe dere på veien videre. Framover er det også «Kirka vår» som skal brukes til å vise hva dere planlegger og gjennomfører innen kirkelig undervisning og læring, diakoni og på andre arbeidsområder. Jeg har utfordret dere til å synliggjøre de ulike områdene som er dekket av andre lag og organisasjoner som for eksempel Frivilligsentralen her i Eidsvåg, i Kirka Vår.

Trosopplæringa må vi som kirke ta ansvar for. Jeg har sett det gode samarbeidet med Vistdal oppvekstsenter, hørt om – og hørt - for eksempel barnekoret med elevene fra Nesset skole. Dere beskriver flere arenaer for samarbeid både med besøk på skolene og hvor elevene kommer til kirke. Det er bra. På skolen skal barna lære hva tro er. I kirkens trosopplæring erfarer de hvordan vi gjør det når vi tror. På skolen lærer de om bønn. I kirken får de som vil, være med å be. Her tenner vi lys som en ordløs bønn, og vi inviteres med i å be den bønne Jesus har lært oss.

Kristen tro og tradisjoner har preget samfunnet vårt i snart 1000 år, og dere har ansatte med kompetanse som på skolens premisser, kan bidra til å formidle kulturarven vår. Både innenfor historie, samfunnskunnskap, musikk, kunst og håndverk og KRLE er det gode muligheter til å samarbeide. Gjerne med utgangspunkt i de flott kirkebyggene med kunstuttrykk og orgel. Der gjør dere allerede en god jobb.

På et av møtene vi hadde, kom det opp forslag om å arrangere «kirkegårdsvandring» der en stopper opp ved enkeltgraver og får høre historien til den som ligger der. Gravplass er allerede et tema i skole-kirke samarbeidet, men en slik vandring kan være fint også for voksne. Kanskje er det historielag eller enkeltpersoner det er mulig å utfordre til å være med. Og for dem som ikke har bodd så lenge i landet vårt, kan det å få blir kjent med gravskikker og tradisjoner være en viktig del av integrering.

Nasjonalt er det prosesser i gang med utvikling av fagplaner for livslang læring og en endring av tilskuddsmidlene til å gjenspeile aktivitetene som foregår. Dere som er i medlemmer i menighetsrådene må sammen med de ansatte fortsette samtalen om satsingsområder og prioritere rekkefølgen ut fra de ressursene fellesrådet har tilgjengelig, og det dere klarer å få til av dugnadsinnsats og pengegaver. Dere er allerede godt i gang med å tenke helhetlig om kirkelig undervisning og læring for alle aldersgrupper, ikke bare de under 18 år. Der tar dere også inn mange diakonale perspektiv.

Vi hadde en flott formiddag i Sira kirke med barnehagebarn fra Vistdal og Eresfjorden. Der fikk vi være med på nær og god formidling av bibelfortellinger, ispedd sang og musikk. Det var fint å se hvor hjemme ungene følte seg i kirka, og hvor engasjerte de var. Vi hørte også om det fine så- og plantetiltaket som soknerådet der driver.

Det har vært store endringer i sammensetningen i staben her de årene jeg har vært biskop, og jeg er glad for at kirkevergen har prioritert å øke organist og menighetsarbeiderstillingen. Det gjør det mulig å få gjort mer for de som har disse stillingene. Samtidig framstår dere som et

felles lag som vil hverandre vel, har det gøy sammen og får gjort utrolig mye når dere løfter i flokk.

KOMMUNE OG KIRKE I SAMSPILL

En bispevisitas bidrar til å legge til rette for viktige møteplasser. Det er en fast post på programmet at det er et møte med kommunens ledelse. Jeg nevnte at store endringer har skjedd både i samfunnet og i kirken siden visitasen i 2018. Dere har blitt en del av nye Molde kommune. Derfor var det viktig at både ordføreren, kommunedirektøren og kultursjefen i Molde, kom innover på torsdag, fikk møte dere menighetsrådsledere, de ansatte samt være med på sang- og andaktsstund på Helsehuset.

I dette møtet fikk vi presentert mye av det gode dere bidrar med inn i lokalsamfunnet. I samtalen etterpå fikk vi noen klare utfordringer fra kommuneledelsen om hvor de tenker kirka kan bidra videre.

Integrering av flyktninger og problematikken rundt unge og rus var de tingene de løftet fram. Spesielt pekte de på innvandrerkvinner over 50 år som faller utenfor mange av de tilbudene som finnes, og blir gående hjemme. Hvordan kan dere i fellesskap være med å skape gode møteplasser for disse?

I forhold til ungdom og rus, ble dere oppfordret til å skape rom for å snakke sant om det å slite med rusproblemer. Dere er i kontakt med nesten alle ungdommene i kommunene gjennom konfirmasjonstida. Kanskje kan dere i samarbeid med skolene være med å sette fokus menneskeverdet og hvordan ungdommenes bruk av rusmidler er med på å bryte det ned. Kirkas rolle som moralpoliti er over, men vi kan løfte fram enkeltmenneskets verdi og skape rom for å være en del av et fellesskap også når livet ble annerledes enn man hadde tenkt og drømt om. Vår overordnede strategi sier det klart: «Kirken er der livet leves.»

Kommuneledelsen får tilgang til «Kirka vår» gjennom sin representant i Fellesrådet eller en annen de selv måtte ønske. Det tenker jeg er strategisk klokt. Det dere har tilgang til der av fakta om alderssammensetningen hos innbyggere, levekår og selv legger inn der, synliggjør hva kirka bidrar med til lokalsamfunnet, og det er en viktig kunnskap også for kommunen i sine strategiske valg og prioriteringer i en krevende tid. Gjennom «Kirka vår» har menighetsråd og ansatte full tilgang til informasjon om kommunen, som for eksempel «Ungdataundersøkelsen» og folketallsutvikling.

Den norske kirke som folkekirke, har fra øverste politiske hold fått klare forventninger til å være en samfunnsaktør på flere områder. Det har vært fint å se hvordan dere lokalt her samhandler på flere samfunnsområder. Det fikk vi for eksempel se da vi var på besøk på Vistdal oppvekstsenter, der elever og lærer hadde forberedt opplegg med musikkinnslag og spørsmål til biskopen.

Noen sier at selv om vi ikke lenger har en statskirke, så har vi en «kommunekirke», og de kan ha mye rett i det. Stortinget vedtok å opprettholde kommunenes finansieringsplikt av Den norske kirke lokalt, og her i Molde kommune er det et godt samarbeid mellom kirka og kommunen.

BYGG, SAMLINGSSTEDER OG SAMLINGER

Dere har i de fire soknene vi nå har hatt visitas i, hver deres kirke med ulik utforming og muligheter. Dere er med og forvalter en viktig del av kulturarven i Møre igjennom kirkebygg og gravplasser. Det kan være krevende, både økonomisk og tidsmessig, men gir også muligheter til å skape møteplasser og la kirka være mer for flere.

Vi har hatt morgenbønn eller andre samlinger i hver av kirkene, og erfart at det er stor omsorg både blant kirketjenere, menighetsråd og andre i lokalsamfunnet for kirkene deres. Jeg fikk se den fine navna minnelunden som menighetsrådet her i Nesset har arbeidet fram, og som jeg nå forstår flere av dere ønsker å få etablert på de andre kirkegårdene. Det er det mange som setter pris på.

Onsdag kveld var alle menighetsrådene samlet i Eikesdal. Etter en nydelig middag, fikk vi gode samtaler om arbeidet her i denne delen av kommunen. Det er mye som skjer med en framoverlent stab som vil mye. Det kan virke som det er staben som er motor, men det er viktig at dere i rådene også henger med.

Paulus skriver i et av sine brev om kirka som en kropp, der Jesus er hodet, og hver enkelt av oss er kroppsdel. Det understreket vi ved at soknepresten la seg på et gråpapir, Maria tegnet omrisset av ham, og så ble alle ble utfordret til å skrive to lapper, en med den kroppsdel de tenker at de de er og en lapp med den de kunne vært eller kunne ønske at de var. Så ble lappene festet på kroppen der den hørte hjemme. Det er en øvelse jeg har gjort flere ganger før, men aldri sett så god spredning som nå. Dere har alt. Dere har alt dere trenger for å være kirke i bygdene her i gamle Nesset kommune.

Vi snakket også om frivillighet. I «Kirka Vår» under fanene utfordringer har Nesset menighetsråd skrevet inn: *«Det er hele tiden viktig å ha øye for involvering og deltagelse. Hvordan kan vi involvere og ekspandere graden av delaktighet i gudstjenesten? Er vi flinke nok til å spørre og utfordre mennesker til å bidra med sine evner og talenter? Mye godt blir gjort i siste øyeblikk, men det er ingen tvil om at en mer planmessig og forutsigbar tilnærming til tider har vært ønskelig.»*

Det ber jeg dere om å ta tak i og følge opp.

For mange er det en terskel å påta seg oppgaver i gudstjenesten. Derfor kom jeg med en konkret utfordring om at alle menighetsrådene starter et møte til høsten med å være i sin kirke, la alle få lese høyt i mikrofon og få høre stemmen sin. Kanskje noen vil være tekstleser i gudstjenesten? Eller kanskje dere finner ut at det ikke er noe for dere, men da har dere prøvd. Kanskje er det da lettere å utfordre noen andre dere kjenner.

Så gjør dere allerede en viktig jobb som kirkeverter og når dere legger til rette for kirkekaffe. Takk for det! Det er viktig å bli møtt av et vennlig menneske på vei inn i kirka, og for mange er kirkekaffen et sosialt møtepunkt. Og det er ikke så mange av disse litt uformelle møteplassene lenger.

Framover vil det bli enda viktigere å jobbe sammen som råd, frivillige og ansatte for å finne ut hvordan dere skal være kirke her.

Frivilligsentralen er en viktig samarbeidspartner for dere. Den var jeg med å så frø til under visitasen 2011, fikk være med på åpningen av i 2015 og besøkte også i 2018. Det var fint å få være tilbake og høre om arbeidet som drives nå. Dere har ikke diakon i området, men gjennom Frivilligsentralen er det mange diakonale behov som blir møtt: med møteplasser for

ulike grupper og behov, gratis butikk og utlånssentral for friluftsutstyr. Dere bruker lokalene til babysang, sangsprell og utdeling av 2-årsbok. Det var fint å høre den gjensidige gleden og nytten dere har av hverandre. Jeg håper dere vil fortsette det gode samarbeidet, og kanskje kan det være mulighet til å rekruttere nye frivillige.

GUDSTJENESTELIVET

Gudstjenesten er på mange måter hjerteslaget i arbeidet vårt, der vi får ta imot nye i dåpen og samles om Ordet og bordet. Vi har til denne visitasen ikke sett på tidslinjer som viser døypte, konfirmerte, skolegudstjenester, konfirmasjonsgudstjenester, nattverdgdustjenester, nattverddeltakere og annen statistisk utvikling. Det ber jeg prosten om å følge opp i sin visitas del III.

Det vi ser, er en stabil oppslutning om gudstjenestene her i området. Selv om antallet ikke er helt tilbake der de var før pandemien, er det igjen mange som møter trofast opp.

Sang og musikk er en viktig del av gudstjenestene og annet arbeid i menigheten. Vi har blant annet fått høre om ansatte som deltar på flere arenaer utenfor kirka og barnekor og den nye tradisjonen med Romsdal spelemannslag som deltar på gudstjenester.

Musikken, salmer og sanger er sentrale i kirkas liv, gjennom den er troen sunget inn i generasjoner. Fra de første kveldsbønnene til musikkens toner mens vi bæres ut av kirka på vår siste reise, er musikken med og favner liv og tro. Den gir oss mulighet til å uttrykke både glede, sorg, takknemlighet og håp. Her har dere mange gode ressurser i staben, og i instrumentene som finnes i kirkene, ikke minst i det nye flygelet i Neset kirke.

KULTUR OG SAMARBEID

Tirsdag var vi på Neset gamle prestegard og hadde et møte med Romsdalsmuseet og Bjørnsonfestivalen. Der fikk vi snakket om det som har vært, og om hva som kan være mulig framover. Møre bispedømme er et kulturbispedømme, og har mange gode erfaringer fra samarbeid med kulturlivet. Det utfordrer jeg dere til å jobbe videre med. Kanskje kan dere få til en åpen kirke i Eidsvåg i sammenheng med de arrangementene som skal være der allerede i år? På langer sikt fikk vi fram mange gode ideer om hvordan dere kan arbeide videre med dette. Kanskje blir det en festgudstjeneste eller drop-in dåp neste år?

TAKK FOR DENNE GANG

Kirka er viktig for folket her inne. TAKK for at jeg har fått være sammen med dere og se til dere. TAKK for alt dere har gitt meg innsyn i. Mange tanker er sådd. Mange viktige samtaler har begynt. Og jeg har et håp om at relasjoner er bekreftet så alt godt arbeid – og samarbeid – med trygghet og styrke, kan fortsette.

En stor TAKK til alle dere som bidrar med frivillig arbeid. TAKK for alle dugnadstimene. TAKK for alle pengegevarene. Det betyr enormt mye. TAKK til alle dere som spiller og synger; sprer glede og gir fellesskap. TAKK til alle dere som på forunderlig vis sørger for at det alltid er mat på bordet; både varm mat og kaffemat. Måltidsfellesskapet er en viktig del av det å være menneske. TAKK til alle dere som trofast samles rundt Ordet og bordet og gjennom det, sørger for at kirka fortsetter å være kirke. TAKK til alle dere som ber.

TAKK for den åpne og gode måten dere har tatt imot oss på. Jeg opplever at dere har omfavnet visitasen. Så er det mitt håp og min bønn at alt det den innebærer får favne dere videre. Favne utfordringer og gleder – og alt det som blir veien deres videre.

Til sist i gudstjenesten i dag sang vi med Edvard Hoems ord i den siste salmen:

*Så nær oss er den kjærleikshand
som styrer fjerne klotars gang,
som rører oss i framandts land
og tar oss heim til moders fang.
Kom heim, kom heim til faders hus!
Var synda stor, er nåden stor!
Og himlens glede blir eit brus
av tusen venger over jord.*

Å være kirke er å stå sammen, som menighetsråd, ansatte og frivillige - og med Gud - å få være med å la dette skje: la Guds kjærlighet bli synlig og berøre oss - så den kaller oss til Gud og lar oss få kjenne på nåden som omfavner alt vi er. Det er det store oppdraget vi har: å la stadig flere få bli kjent med Jesus, så vi sammen kan skape mer himmel på jord. Det er utfordrende og spennende, men mest av alt er det en gave.

Gud velsigne dere alle!


Ingeborg Midttømme

Biskop